

### **3-47.Føring av frávær i vidaregåande opplæring**

Alt frávær skal førast på vitnemålet og kompetansebeviset. Frávær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Rektor kan avgjere om frávær for den som er deltidselev, skal førast i dagar og timar eller berre i timar. For elevar som skal ha kompetansebevis, skal frávær førast på kompetansebeviset.

Eleven kan krevje at årsaka til fráværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset, dersom han eller ho legg fram dokumentasjon på årsaka til fráværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fráværet frå opplæringa på førehand.

For inntil samanlagt 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan ein elev krevje at følgjande frávær ikkje blir ført på vitnemålet eller på kompetansebeviset dersom det kan dokumenterast at fráværet skyldast:

- a) helse- og velferdsgrunnar
- b) arbeid som tillitsvald
- c) politisk arbeid
- d) hjelpearbeid
- e) lovpålagt oppmøte
- f) representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå.

For at frávær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet eller på kompetansebeviset, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Frávær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre frávær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for frávær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan frávær strykast frå og med første fráværsdag.

Organisert studiearbeid og skoleadministrative gjeremål etter avtale med faglæraren eller rektor, skal ikkje reknast som frávær.

Innanfor ramma av 10 skoledagar kan elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, krevje at inntil to dagar frávær som er knytt opp mot ei religiøs høgtid, ikkje blir ført på vitnemålet eller på kompetansebeviset.

0 Endra ved forskrift 7 juli 2010 nr. 1081 (i kraft 1 aug 2010).

Lenke til forskriften [https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL\\_4#KAPITTEL\\_4](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4)